



Saksprotokoll

Organ: **Fylkesutvalet**

Møtedato: 23.11.2016

Sak nr.: 16/330-18
Internt I.nr. 40204/16

Sak: 123/16

Tittel: **KVU rv. 7 / rv. 52 Gol - Voss, fråsegn**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane støttar Statens vegvesen si tilråding om rv. 52 over Hemsedalsfjellet som hovudvegsamband mellom aust og vest.
2. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at dei prosjektutløysande behova om redusert reisetid og transportkostnader for både nærings- og persontransport, og betre vinterregularitet, bør vere avgjerande ved val av nytt hovudvegsamband mellom aust og vest. Rv. 52 over Hemsedalsfjellet er vurdert å tilfredsstille dei prosjektutløysande behova best.
3. E134 er allereie vedteke som nasjonalt hovudvegsamband mellom Vest- og Austlandet. Fylkestinget legg til grunn at E134 vert bygd med arm (diagonal) frå Odda til Bergen. Aust-vest-utgreiinga konkluderte med at dette er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust-vest konseptet mellom Oslo og Bergen. Med ei slik utbygging av E134 vil det ikkje vere trafikkgrunnlag for å velje rv. 7 som nasjonalt hovudvegsamband aust-vest.
4. Fylkestinget legg til grunn ei framtidig kopling til rv.5, med ferjefritt samband Mannheller – Fodnes og utbetring av kritiske punkt. Ei slik tilknyting kan fange opp store delar av aust-vesttrafikken frå Sogn og Fjordane og delar av Sunnmøre til Austlandet.
5. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at E16 må fullførast som planlagt.